



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Øyvind Vatshelle, 5557 2178

Vår dato
12.12.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2015/5466 520
Dykkar referanse
15/669 - 15/4127

Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Tilbaketrekking av løyving - Klima- og miljøprogram 2015 - Rettleiar for landbruk og kulturlandskap - Landbrukskontoret for Austrheim Fedje og Radøy

Vi viser til vår løyving av 2. juli 2015 til prosjekt om rettleiar for landbruk, kulturlandskap og kystlynghei, inkludert arealbruk.

Rettleiaren skulle brukast til formidling av lovar og reglar, haldningar og kulturforståing ovanfor ålmenta, søkjarane av tiltak i landbrukets kulturlandskap og politikarane.

Fylkesmannen løyvde kr 50.000,- frå Klima- og miljøprogrammet 2015 med arbeidsfrist 2. juli 2017. I telefonsamtale med landbrukssjef Kjartan Nyhammer fekk vi vite at prosjektet ikkje blir gjennomført. Grunna bemanning har det heller ikkje blitt påbegynt.

Fylkesmannen trekk difor denne løyvinga tilbake. De er velkomne til å søkje om nye prosjekt til klima- og miljøprogrammet for 2018.

Vedtak: Fylkesmannen i Hordaland trekk tilbake løyving på kr 50.000,- til Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy for rettleiar til landbruk og kulturlandskap. Løyvinga var del av Fylkesmannen sitt klima- og miljøprogram 2015.

Det kan klagast på vedtaket innan 3 veker etter at du fekk dette brevet. Ei eventuell klage skal stilast til Landbruksdirektoratet, men sendast til Fylkesmannen.

Med helsing

Åse Vaag
Landbruksdirektør

Øyvind Vatshelle
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.